

Møtebok – Lom fjellstyre

TITTELBLAD MØTEBOK FOR LOM FJELLSTYRE

Møtedato: 19. juni 2023

Møtestad: Norsk Fjellsenter

Desse var til stades på møtet:

Faste medlemer: Erik Frisvold, Ellen Olasveen, Frikk Kolden
Varamedlemer: Hanne Synnøve Rusten
Andre:
Møtet vara frå kl.19.00 til kl. 21.30

Saker som vart behandla:

Sak nr./år: 17/2023 – 25/2023

Underskrifter:

Vi stadfestar med vår underskrift at det som er ført i sakene 08/2023 – 16/2023 er det som vart vedteke.

Utskrifter:

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	17/2023	Arkiv nr.:		Møtedato:	19.06.2023
Saksbehandler:	Eilev Hellekveen				

Referat og meldingar..

- A. 230314 e-post frå Eidefoss vannkraft AS. Motorferdsel i utmark i samband med riving av telefontline Nåvårseter - Smådalen – Veodalen
- B. 230314 e-post frå Miljødirektoratet. Utbetaling av tilskudd – friluftaktivitet på statsallmenningene 2023
- C. 230315 e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Delegert vedtak – Dispensasjon 2023 – Motorferdsel i samband med utskifting av fjellstyrehytte i Storådalen – Lom fjellstyre
- D. 230315 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Delegert vedtak – Dispensasjon 2023 – motorferdsel snødekt mark – øvingsplan – Vågå røde kors hjelpekorps – tilleggsvedtak øving 9
- E. 230323 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Delegert vedtak Utladalen LVO – Motorferdsel 2023-2026 – Snøskuter – Revidert øvingsplan for Grindheim røde kors hjelpekorps
- F. 230327 brev frå skatteetaten. Krav om forseinkingsrenter
- G. 230328 e-post frå Luster Røde Kors Hjelpekorps. Varsel om øvingstur ID 23 – Hulderhaugen – Nørdestedalseter fredag 31.03.23 med retur 02.04.23 og ID 4 Nørdestedalseter – Sota sæter lørdag ¼ tur/retur
- H. 230403 e-post frå Lom kommune. Dispensasjon for motorferdsel i utmark i samband med utskifting av fjellstyrehytte i Storådalen – Lom fjellstyre
- I. 230403 kopi av e-post frå Lom kommune. Forslag om endring av forskrift om start og landing med luftfarty og motorisert ferdsel på vassdrag, Lom kommune
- J. 230425 e-post frå Norges Fjellstyresamband. Støtte til generelle rekrutteringstiltak
- K. 230426 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Delegert vedtak – Dispensasjon motorferdsel 2023 – barmark – transport til Glitterheim for rullestolbrukar i samband med konsertarrangement
- L. 230428 e-post frå statsforvaltaren i Trøndelag. Uttak av villrein innanfor konsesjonsområdet til Lom tamreinlag mot Reinheimen – Breheimen villreinområde
- M. 230503 e-post frå hjorteviltregisteret. Fellingsløyve for Vårdalen statsallmenning 2023 for villrein
- N. 230503 e-post frå Reinheimen – Breheimen villreinområde. Kvote 2023 og tildeling av fellingsløyve
- O. 230508 e-post frå kulturhistorisk museum v/universitet i Oslo. Varsel om arkeologisk undersøkelse ved Tesse i Lom kommune, Innlandet
- P. 230508 e-post frå statsforvalteren i Trøndelag. Uttak av villrein innanfor konsesjonsområdet til Lom tamreinlag mot Reinheimen – Breheimen villreinområde
- Q. 230508 e-post frå Lom kommune. Ferdigattest ny oppsynshytte – Storådalen
- R. 230509 e-post frå fjellstyrene i Oppland. Regionsamling vår 2023. Referat frå årsmøtet for fjellstyrene april 2023
- S. 230522 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Delegert vedtak – Jotunheimen NP – Dispensasjon – motorferdsel 2023 –

Møtebok – Lom fjellstyre

transport til Glitterheim – Vågå demensforening

- T. 230525 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Delegert vedtak – Jotunheimen NP – Dispensasjon – 2023 – lavvoleir vest for Gjende – stiftelsen Phoenix Haga
- U. 230603 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Delegert vedtak Jotunheimen NP – Dispensasjon – motorferdsel – 2023 – helikopter – reparasjon av bru over Hellstuguåe – DNT Oslo og Omegn
- V. 230604 e-post frå Vågå fjellstyre. Referat frå generalforsamling i AS Vågåfisk 30.05.2023
- W. 230608 e-post frå Lom kommune. Fellingskvote for storviltvald utan godkjent bestandsplan – 2023
- X. 230608 e-post frå Codex advokat Oslo AS. Tilsvar vedrørende status til dyrkingsparsell med festenummer 158/1/30 - Vårdalen statsallmenning
- Y. 230609 e-post frå Lom kommune. Tildeling av kvotefri jakt på hjortekalvar i Lom kommune – 2023

TILLEGG:

- Z. 230616 E-post frå Kim Grasdalen. Ryddet opp gjerde samt beviser mot anklage.
- Æ. 230619 E-post til Kim Grasdalen 19. juni Svar på e-post 16. juni -Spørsmål om allmenningsrett m.m.

Behandling:

Fjellstyret tek saka til orientering.

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	18/2023	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	19.06.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Tildeling av ledig beiteareal på Netoseter.

Sakspapir:

- Sak 25/2014
- Utlysingstekst juni 2022
- Søknad 13.07.2022 frå Anna Krogstad og Kjell Aaboen
- Uttale 13.06.2023 frå Landbrukssjefen i Lom- og Skjåk

Saksutgreiing:

I sak 25/2014 gav fjellstyret løyve til at Søre Hosar fekk bruke den ledige seterkvea etter Uppistugun Krogstad, feste nr 155/1/169 som beite for storfe. Løyve vart knytt til mjølkeproduksjon på setra. I forbindelse med ajourføring av seterregisteret har brukarane på Øvre Hosar opplyst at dei har slutta med dyr, og ikkje lenger ynskjer å nytte seg av dette arealet. Dei opplyser vidare at brukarane på Krogstad, Anna Krogstad og Kjell Aaboen har leigd- og brukt både seter- og beiteareal frå 2020.

Det ledige beitearealet vart lyst ledig og varsla på heimesida til fjellstyret før sommaren 2022, og innan fristen 1. august kom det inn ein søknad, frå brukarane på Krogstad, Kjell Aaboen.

Opplysningar og merknader:

Utvising av beiteareal kan skje etter § 5 i seterforskrifta som seier at:

«Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.»

I søknaden frå Krogstad er det opplyst at dei driv med ammekyr og har om lag 22 mordyr, til saman ca 40 dyr på beite ved Netoseter. Dei har brukt, og har bruk for kvea som beiteareal vår og haust.

Saka er sendt til uttale hjå landbruksmyndighetene i kommunen som stadfestar at Krogstad har behov for arealet og tilrår at arelet blir tildelt som omsøkt.

Nyutvising av beiteareal har tradisjonelt vore forbehalde- og knytt til mjølkeproduksjon. I dette tilfellet er det spørsmål om overføring av eksisterande areal der Krogstad er einaste søkjar. Alternativet vil være å legge arealet ut at som utmark.

Saka har vore varsla på heimesidene til fjellstyret, det har ikkje kom merknader. Statskog SF har fått saka til uttale og har ikkje merknader.

Forslag til vedtak:

Møtebok – Lom fjellstyre

Fjellstyret gjev med heimel i §5 i seterforskrifta løyve til at Krogstad gnr. 51, b.nr. 1 , får løyve til å bruke det ledige beitearealet med festenummer 155/1/169 til beite for storfe.

Fjellstyret grunngjev avgjerda med at arealet til nå har vore brukt som beite, at Krogstad har brukt- og disponert det sidan 2020 og at ein ikkje finn det hensiktsmessig å legge det attende at til utmark.

Saka vert lagt ut til offentleg ettersyn med ein frist på tre veker til å kome med merknader til vedtaket.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Anna Krogstad og Kjell Aaboen – som e-post.

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	19/2023	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	19.06.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Vårdalen statsallmenning. Vidareføring av beiteleigeavtale.

Sakspapir:

- Brev 26.10.2022. Spørsmål om vidareføring av beiteleigeavtale
- Sak 61/2010, 31/2011, 38/2011 og 23/2012.

Saksutgreiing:

Terje Marstein fekk i sak 61/2010 løyve til å leige ei frifallen seterkve, tidlegare tilhøyrande bruket Garmosulen, til bruk som beite for sau. Saka, og arronderinga av kvea vart seinare stadfesta gjennom klagebehandling i sak 31/2011, 38/2011 og 23/2012.

Leigavtala for beitearealet som var inngått 01.06.2013 gjekk ut 31.05.2023. Statskog ber Lom fjellstyre vurdere om avtala skal forlengast, eller om avtala skal opphøyre, jf. seterforskrifta § 21.

Statskog har så langt stått for fakturering av leigebeløpet, der 100 % av leigeinntektene har vorte overført til Lom fjellstyre. Ved forlengelse av leigeavtala ber Statskog om at Lom fjellstyre sjølv står for å krevje inn årleg leige.

Terje Marstein har muntleg stadfesta at han ynskjer å vidareføre leigeavtala.

Saka har vore varsla på heimesidane til fjellstyret. Det har ikkje kome merknader eller innspel frå andre.

Forslag til vedtak:

Lom fjellstyre syner til vedtaka i sak 61/2010, 31/2011, 38/2011 og 23/2012 og vidarefører leigavtala for 10 nye år.

Saka vert lagt ut til offentleg ettersyn med ein frist på tre veker til å kome med merknader til vedtaket.

Vedtak:

Som forslaget.
Samrøystes.

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	20/2023	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	19.06.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Utviding av dyrkingsparsell

Sakspapir:

- E-post 31. mai frå Kristin Husom og Trond Teigen. Flytting av gjerde.
- Brev 14. juni 2023. Uttale . Statskog SF - Utvidelse av tilleggsjord og flytting av gjerde – 155/1/248
- E-post frå landbrukssjefen i Lom og Skjåk - Spørsmål om utviding av dyrkingsparsell

Saksutgreiing:

Med e-post 31. mai har Kristin Husom og Trond Teigen, som brukerar av Synstnes Uppistugu g.nr. 73 b.nr. 6, bede om løyve til å flytte gjerde på dyrkingsparsell med festenummer 155/1/248 grunna problemer med snø og nedklenging av gjerde. Skissert endring syner at det vil medføre ei utviding på om lag 5daa.

Fjellstyret var saman med søkjar, kommunen og Statskog SF på synfaring av det omsøkte arealet den 12. juni. Her kom det fram at ein ved sida av ei ugunstig plassering, har eit behov for meir beite og plass for dyra vår og haust. Brukarane har om lag 120 vinterfora sau og 70 storfe. Dei har siste åra tilleggsfora med stadleg produsert for haust og vår, og tenkjer å halde dyra tilstrekkeleg lenge slik at ein slepp transport av rundballer ned til bygda. Auka beite- og opphaldsareal, vil gje mindre belastning på innmarka som blir nytta til forproduksjon.

Det vart i tillegg framheva at gjerdet slik det står fungerer som eit ledegjerde mot eit «innvendig» hjørne i eit søkk, som fører til kanalisering og auka press frå dyr på utmarksbeite.

Landbrukskontoret stadfester i si uttale størrelsen på besettinga, og «*meiner at det er behov for meir areal på seterkvea i Ytterdalen. Snogforholda tilsi også at det er fornuftig å flytte gjerdet slik som planlagt*».

Statskog seier i si uttale at «*Utvidelsen er på ca. 5 daa, som er et så stort areal at Statskog ber fjellstyre gjøre vedtak etter seterforskriftens § 20, om tilleggsjord (dyrking og kulturbeite). Statskog ser utfordringen med dagens situasjon og ser at skissert løsning og flytting av gjerde er en praktisk god løsning for søker. Statskog har ingen merknader til at Lom fjellstyre gir tillatelse til utvidelse av eksisterende dyrkingsparsell, festnr. 248.*»

Opplysningar og merknader:

Som Statskog SF påpeiker i si uttale er utvidinga av såpass omfang at den bør handsamast som ei utviding etter §20 i seterforskrifta, og ikkje som ei mindre grensejustering. Det vil etter sakshandsamars vurdering gje uheldig presedens, om ein

Møtebok – Lom fjellstyre

tillet ein praksis for grensejusteringar grunngeve i gjerdepraktiske hensyn, med ei utviding av areal i slik størrelsesorden som omsøkt her.

§ 20 i forskrift om seter- og tilleggsjord m.m. seier at:

«Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan – anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar – få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ei driftsplan.»

I vurderinga og i ei eventuell grunngeving av eit vedtak, bør fjellstyre vektlegge det faktiske behovet som brukaren har for det omsøkte arealet framfor reint praktiske hensyn.

Frå før disponerer Synstnes Uppistugu ei seterkve på 16,5daa, to dyrkingsparsellar på 20,7daa og 12,7daa og eit kulturbeiteareal på 12daa.

Saka har vore offentleg varsla på heimesida til fjellstyret. Det har ikkje kome inn merknader.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret gjev, med heimel i §20 i forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning, løyve til at Synstnes Uppistugu g.nr. 73 b.nr. 6, får utvide eksisterande dyrkingsparsell med festenummer 155/1/248, til bruk som kulturbeite som omsøkt.

Fjellstyret meiner at søkjar har godgjort eit behov for utviding av arealet, og at utvidinga ikkje vil gje vesentlege negative konsekvensar for andre beitebrukerar i området eller andre.

Vedtaket blir lagt ut til offentleg ettersyn, med frist 3 veker til å kome med merknader.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Trond Teigen og Kristin Husom – som e-post
- Statskog SF – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	212023	Arkiv nr.:	642.0	Møtedato:	19.06.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde/Eilev Hellekveen				

Endring av fiskereglane for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Ny behandling.

Sakspapir:

- Gjeldande fiskereglar for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.
- Sak 10/2023 i Lom fjellstyre. Forslag til endring av fiskereglane for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

Saksutgreiing:

Fjellstyret gjorde i sak 10/2023 vedtak om å leggje fylgjande forslag ut til offentleg gjennomsyn:

«Fjelloppsynet vil med bakgrunn i momenta nemnd i saksutgreiinga foreslå fylgjande endringar i reglar for garnfiske:

- *Auke frå 4 til 6 garn, 40mm. eller større, på vatna Eilevsvatnet, Fantesteinsvatnet, Juvvatnet og Svarttjernet i Dumdalen, Øytjernet. Ekorntjernet og Sjøhesten i Raudalen, Hesttjernet, nordre og søre Trøyse og Fate i Urdadalen.*
- *Auke til 6 garn, der to stk. 24mm. alltid skal være med og resten 29mm. eller større, på Høyøytjern, Hovdelangtjern, Tverrbyttjernet i Bukkebotn, Panna og Troget i Kyrkjeglupen. Inga avgrensing utover haustfredinga.*
- *Fritt antal garn og fri maskevidde på Høyvatnet og Bøvertunsvatnet, men det skal vere med minst 2 garn på 24mm. eller mindre. Inga avgrensing utover haustfredinga*
- *Inga avgrensing i tidsrom utover haustfredinga på Leirvatnet og Bøvertunvatnet. 29mm. eller større.*
- *Auke frå 4 til 6 garn og auke frå 35mm. eller større til 40mm. eller større, på Meffjellsvatnet og Vestre Børgjetjern.*
- *Auke frå 3 til 5 garn på Leiråsen og Bøverkinntjerna. 2 stk. 24mm. skal alltid vere med, elles 29mm. eller større.*
- *Opning for fiske med fastståande reiskap på Øvre Nufstjernet, Langtjernet og Lågtungtjernet. 6 garn, der to stk. 24mm. alltid skal være med og resten 29mm. eller større. Inga avgrensing utover haustfredinga.*
- *Opning for fiske med fastståande reiskap på Reinstindvatnet. 40mm. eller større, ingen avgrensing utover haustfredinga.*

Dei samla garnreglane blir med forslaga sjåande slik ut:»

Møtebok – Lom fjellstyre

Lokalitet	Ant. garn pr. kort	Tidsrom	Lovleg maskevidde
Høyøytjern, Hovdelangtjern, Tjerna Panna og Troget i Kyrkjeglupen, Tverbyttjernet i bukkebotn, Øvre Nufstjernet, Langtjernet og Lågtungetjernet.	6 stk.	Inga avgrensing utover haustfredinga	2 stk. 24mm skal alltid vere med, elles 29 mm.
Bøverkinntjerna (Tjønne) og Leiråstjern	5 stk.	f.o.m.31/7 t.o.m. 19/9	eller større.
Svartdalstj., Svartdalsvatnet, Merrahøvatnet, Høgbreavatnet, Høytjerna, Langvatnet, Dalsvatnet *, Kyrkjettjernet, Steinbuvatna, Skardalsvatnet, Trondsholtj., Høgvagltjerna, Hinnotetjernet, Liabrevatnet, Semmelholtjern, Tverbyttjernet i Visdalen, Titongtjernet, Grislettjernet, Leirtjernet på Skautflya og Trollsteintjernet	10 stk.	Inga avgrensing utover haustfredinga	35 mm. el. større
Vestre Børjetjernet, Eilevsvatnet, Fantesteinsvatnet, Mefjellsvatnet, Juvvatnet og Svarttjernet i Dummdalen,	6 stk.	f.o.m.31/7 t.o.m. 19/9	40 mm. el. større
Øytjernet, Ekomtjernet og Sjøhesten i Raudalen, Hesttjernet, nordre og søre Trøyse og Fate i Urdadalen og Reinstindvatnet.	6 stk.	Inga avgr. utover haustfredinga	40 mm. el. større
Prestesteinsvatnet, Sleive, Aurkvee, Skuggevatnet, Nufsvatnet og Rundhaugtjernet	6 stk.	f.o.m.31/7 t.o.m. 19/9	35 mm. el. større
Leirvatnet	10 stk.	Inga avgr. ut over haustfredinga	29 mm. el. større
Storvatnet, Høyvatnet**, Bøvertonsvatnet**	Fritt antal		Fri maskevidde

*På Dalsvatnet kan det i tillegg til 10 garn på 35 mm. el. større, brukast 4 garn på 24 mm. el. mindre. Lom Prestegard har eineretten til gamfiske her.

** På Høyvatnet og Bøvertonsvatnet skal det alltid vera med 2 garn på 24 mm. pr. kort.

Forslaget har vore varsla og lege ute til offentleg gjennomsyn på heimesidene til fjellstyret, og sendt Lom vilt- og innlandsfisknemnd og Lom JFF til uttale.

Frist for å kome med merknader var sett til 10. april. Det har ikkje kome inn merknader til forslaget.

Møtebok – Lom fjellstyre

Forslag til vedtak:

Fjellstyret vedtek fylgjande endringar i reglane for garnfiske:

Lokalitet	Ant. garn pr. kort	Tidsrom	Lovleg maskevidde
Høyøytjema, Hovdelangtjema, Tjema Panna og Troget i Kyrkjeglupen, Tverbyttjernet i bukkebotn, Øvre Nufstjernet, Langtjernet og Lågtungetjernet.	6 stk.	Inga avgrensing utover haustfredinga	2 stk. 24mm skal <u>alltid</u> vere med, elles 29 mm. eller større.
Bøverkinntjema (Tjønne) og Leiråstjema	5 stk.	f.o.m.31/7 t.o.m. 19/9	
Svardalstj., Svartdalsvatnet, Merrahøvatnet, Høgbreavatnet, Høytjema, Langvatnet, Dalsvatnet *, Kyrkjettjernet, Steinbuvatna, Skardalsvatnet, Trondsholtj., Høgvagltjema, Hinnotetjernet, Liabrevvatnet, Semmelholtjema, Tverbyttjernet i Visdalen, Titongtjernet, Grislettjernet, Leirtjernet på Skautflya og Trollsteintjernet	10 stk.	Inga avgrensing utover haustfredinga	35 mm. el. større
Vestre Børjetjernet, Eilevsvatnet, Fantesteinsvatnet, Mefjellsvatnet, Juvvatnet og Svarttjernet i Dummdalen,	6 stk.	f.o.m.31/7 t.o.m. 19/9	40 mm. el. større
Øytjernet, Ekorntjernet og Sjøhesten i Raudalen, Hesttjernet, nordre og søre Trøyse og Fate i Urdadalen og Reinstindvatnet.	6 stk.	Inga avgr. utover haustfredinga	40 mm. el. større
Prestesteinsvatnet, Sleive, Aurkvee, Skuggevatnet, Nufsvatnet og Rundhaugtjernet	6 stk.	f.o.m.31/7 t.o.m. 19/9	35 mm. el. større
Leirvatnet	10 stk.	Inga avgr. ut over haustfredinga	29 mm. el. større
Storvatnet, Høyvatnet**, Bøvertensvatnet**	Fritt antal		Fri maskevidde

*På Dalsvatnet kan det i tillegg til 10 garn på 35 mm. el. større, brukast 4 garn på 24 mm. el. mindre. Lom Prestegard har eineretten til garnfiske her.

** På Høyvatnet og Bøvertensvatnet skal det alltid vera med 2 garn på 24 mm. pr. kort.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom vilt- og innlandsfiskenemd – som e-post
- Lom JFF – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	22/2023	Arkiv nr.:	612.1	Møtedato:	19.06.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde/Eilev Hellekveen				

Rekrutteringstiltak storviltjakt - avsetting av storviltløyver til opplæringsjakt 2023

Saksutgreiing:

Fjellstyret vedtok i årsplanen for 2023 å vidareføre rekrutteringstiltaket storviltjakt/opplæringsjakt, men det står att å avsette fellingsløyver til prosjektet for 2023.

Det var i 2022 tildelt eit rådyr, eit ungdyr elg og eit ungdyr hjort til prosjektet. I evalueringsmøtet til opplæringsjakta i fjor, kom det fram spørsmål frå instruktørane om moglegheita for å få tildelt fritt dyr hjort. Begrunninga var at hjortejakt er utfordrande og at dette vil auke sjansane for felling.

Vurdering:

Dei tre jaktfelta i Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsallmenning har for hausten 2023 fått tildelt to løyver for fritt dyr. Eit av dyra er tildelt jaktfeltet Leiråsen/Bøverdalen, medan det andre er halde av i påvente av vedtak i denne saka.

Fjelloppsynet ser argumentasjonen med at «fritt dyr» vil gje auka sjans for felling, og at det hadde vore ynskjeleg med anledning til felling om det tilfeldigvis skal kome vaksen bukk på post. Samstundes må ein vel seie at det ikkje er avgjerande for gjennomføringa av prosjektet om ein «berre» kan felle hind, kalv og ungdyr, og at det er ein viktig del av jakta å sleppe frå seg dyr ein ikkje har løyve på. Dette kan ofte gje vel så mykje læring om dyreadferd og situasjonserfaring som ei vellykka felling.

I år har ein berre to frie bukkar på kvota, og med såpass avgrensa kvote vil det nok kunne opplevast inngripande at desse ikkje er forbehalde jaktlaga som har fått tildelt jaktfelta. Det er kanskje etisk feil å seie noko om det, likevel er det slik at store hanndyr for mange jegerar heng litt høgare enn andre kategoriar dyr.

Vi er nå inne i siste året av 3-års planen i viltområdet. Neste år er det ny plan, truleg større hanndyrkvote og det vil bli fremja forslag om ein ny kategori for hjort, «mellombukk». Kanskje er det difor rett at ein held seg til hind, ungdyr og kalv i år, og at det siste frie løyvet blir avsett som tilleggsdyr til jaktfelta Visdalen-Leirdalen og Ytterdalen-Høydalen, og tildelt det feltet som fyller grunnkvota fyrst.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret avset slik kvote for opplæringsjakt hausten 2023:

- 1 ungdyr elg
- 1 hind/ungdyr/kalv hjort
- 1 rådyr

Eit fritt dyr blir avsett som tilleggsdyr til jaktfelta Visdalen-Leirdalen og Ytterdalen-Høydalen, og tildelt det feltet som fyller grunnkvota fyrst.

Vedtak:

Møtebok – Lom fjellstyre

Som forslaget.
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Øyvind Angard – som e-post
- Asbjørn Hansen – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	23/2023	Arkiv nr.:	141.3	Møtedato:	19.06.2023
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

Søknad om stønad til bygdabok om fisk og fising i Lom

Sakspapir:

- Brev 29. april 2023. Søknad frå Trygve Hesthagen - Støtte til bygdabok om fisk og fising i Lom.

Saksutgreiing:

Trygve Hesthagen har med søknad den 29. april bede om stønad til dekking av utgifter knytt til utgjeving av «bygdabok om fisk og fising i Lom – ei fjellbygd i Gudbrandsdalen».

I søknaden er det opplyst at boka er delt inn i 11 område og rundt 80 vatn og elvar vil bli omtala. Mesteparten av vatna og områda ligg i statsallmenningen. Boka vil truleg hamne på omkring 350 sider og vert rikt illustrert med bilete og kart. Boka er venta klar til trykking hausten 2024. Innholdsfortegnelse og områdeinndelinga ligg vedlagt.

Budsjettet viser utgifter på 286.000 og Hesthagen søker fjellstyret om 66.000 i støtte til bokprosjektet.

Opplysningar og merknader:

Fjellstyret har avsett kr. 100.000 til tilskot til tiltak i allmenningen. Innan fristen har det kome inn ein søknad til, uspesifisert beløp – vedlikehald Prestsetervegen.

Tiltaket blir vurdert til å ha eit allmennyttig formål i tråd med retningslinjene for tildeling av tilskot frå fjellkassa.

Vedtak:

Fjellstyret løyver kr. 66.000 i støtte slik som omsøkt.

Utskrift går til:

- Trygve Hesthagen – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsfører

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	24/2023	Arkiv nr.:	141.1	Møtedato:	19.06.2023
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad om tilskot til drift og vedlikehald av Prestsetervegen

Sakspapir:

- Brev 30. mai. 2023. Søknad om stønad til vegdrift frå styret i Prestsetervegen v/ Bjørnar Brustuen

Saksutgreiing:

Med brev dagsett den 30. mai 2023 søker styret i Prestsetervegen om stønad til knusing av grus, oppgrusing- og salting av vegen. Det er ikkje spesifisert noko beløp.

Vedlagt søknaden ligg årsregnskap 2022 og resultatregnskap 2022. Sakshandsamar har bede om eit kostnadsoverslag som vil bli framlagt i møtet.

Vegen er nytta av bruksrettshavarar, hytteeigarar, jegerar og turgåarar.

Opplysningar og merknader:

Det er avsett kr. 100.000 til tilskot til tiltak i allmenningen. Innan fristen har det kome ein annan søknad, om kr. 66.000 til tilskot til bokprosjekt frå Trygve Hesthagen.

Vedtak:

Fjellstyret løyver kr 25.000 til knusing, oppgrusing og salting av Prestsetervegen.

Utskrift går til:

- Prestsetervegen v/ Bjørnar Brustuen – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsfører

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	25/2023	Arkiv nr.:	352	Møtedato:	19.06.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Vårdalen statsallmenning. Høring. Framføring av strøm til elektroniske bommar ved Tesse.

Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF 14. juni. Høringsbrev - Framføring av strøm til elektriske bommar ved Tesse

Saksutgreiing:

Med e-post 14. juni har Statskog SF sendt fjellstyret kopi av søknad frå Fjellnett AS, om framføring av straum til elektriske bommar ved Tesse. Det er setervegen Hesthagen-Smørli SA som ynskjer å sette opp bommane.

Før Statskog tek endeleg avgjer i saka, ber dei om uttale frå Lom fjellstyre jf. fjellovas §12.

Opplysningar og merknader:

Saka skal handsamast etter § 12 i fjellova som m.a. seier at:

«Iverksetjing av grunndisponeringstiltak – herunder tiltak som gjeld vassdrag – i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern.

Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn.»

Grunndisponeringstiltak kan berre føretakast av departementet eller med løyve frå departementet, med mindre anna er særskilt fastsett. Før departementet tek avgjerd skal fjellstyret og i tilfelle allmenningsstyret ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka. Det må merkast at fjellstyret kan uttale seg om alle sidene ved saka, og ikkje berre det som er til vesentleg skade for dei med bruksrett slik som det kan verke som Statskog vil gje utrykk for i e-posten. Fjellstyra sitt heimelsgrunnlag framkjem m.a. av §3 i fjellova som legg til grunn at fjellstyret «skal arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftinteressene.» Fjellstyra har etter §3 eit større ansvar, enn å «berre» uttale seg om skadeverknadar for dei bruksberettiga slik som Statskog SF syner å legge opp til.

Vedtak:

Fjellstyret har ikkje merknader til framføring av strøm slik som det er omsøkt. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre